

Fossen barnehage
5282 Lonevåg

Lonevåg

08.12.04

9.12.2004 Barnehage
04/2066-3
21.1.
04/14256

**BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENTET LEGG FRAM FORSLAG TIL NY
BARNEHAGELOV/UTTALE FRÅ SAMARBEIDSUTVALET I FOSSEN
BARNEHAGE**

Samarbeidsutvalet i Fossen barnehage hadde møte måndag 06.12.04, der det vart drøfta forslag til ny barnehagelov. Samarbeidsutvalet hadde desse uttalingane:

- Når barnehagen ikkje får øymerka midlar frå staten, - korleis blir då barnehagen ivareteke.
- Ønskjer å halde fram med dagens system med forskriftsfestade krav til pedagogtetthet.
- Ønskjer å ha dei arealnormane som gjeld i dag.

Helsing samarbeidsutvalet ved Fossen barnehage


Torill Iversen
Referent


Elin Bergan
Leiar

Samarbeidsutvalet ved Solbjørghagen barnehage
5282 Lonevåg

Osterøy kommune
Barnehagetenesta
5282 Lonevåg

10.12.2014 Barneutv. t.18.
04/2014-4
04114307

HØYRINGSUTTALE OM FORSLAG TIL NY LOV OM BARNEHAGAR

Samarbeidsutvalet ved Solbjørghagen barnehage har hatt planen til høyring, og vart i møte 06.12.04 samde om å gje fylgjande uttale:

Me meiner at dei få reguleringane som finst for barnehagar, i høve til kompetanse, bemanning og areal bør behaldast for å sikra eit nivå av kvalitet. Kommunar som har dårlig økonomi kan sjå seg nøydd til å redusera desse krava, når dei er fri til dette. Det er nok av oppgaver kommunane er pålagt, som dei ikkje kan velja vekk. Regjeringa skyv frå seg ansvaret og let born og småbarnsforeldre bli ein salderingspost.

Kompetanse:

Forslaget om å fjerna kravet til pedagogisk bemanning gjer barnehagen om til ein oppbevaringsplass snarare enn eit pedagogisk tilbod. Forslaget er respektlaust i høve førskulelærerutdanninga og førskulelærarane sin profesjonalitet som pedagogar. Foreldre betalar for eit godt pedagogisk barnehagetilbod, og førskulelærarar er den yrkesgruppa som er utdanna for å kunna gje dette.

Bemanning:

Det er sterke reaksjonar på at det kan bli færre vaksne pr. barn i barnehagane, og me meiner at barna sin sikkerhet vert sett i fare. Muligheter for turar og varierte aktivitetar vert også dårligare. Kvar vart det av barnehagen som ein læringsarena ?

Areal:

Arealnorma bør snarare utvidast enn fjernast. Borna har behov for plass til leik og utfolding, dei treng eit godt inn klima og høve til å vera for seg sjølv. Krava til barnehagen sitt inne- og uteareal må behaldast for å sikra dei dette.

Anna:

Me er godt nøgde med at dagens formålsparagraf vert oppretthalde og at ein ny paragraf sikrar barna sin rett til medverknad i barnehagane.

Lonevåg 09.12.04

Linda Teigland
Linda Teigland
sekretær SU

Audny Rolland
Audny Rolland
leiar SU

Utkast til ny barnehagelov- høyringsrunde!

Etter møte i samarbeidsutvalet i Fotlandsvåg barnehage kom vi fram til følgjande punkt.

*Vi vil behalde bemanningsnormen slik den er i dag. Det er 14-18 barn over tre år og 7-9 barn under tre år.

Førhøudet mellom antal barn og pedagoger er ein svært viktig faktor for å behalde kvalitet og ha ein forsvarleg pedagogisk drift.

*Areal- arealnørmn er i dag 4 kvadratmeter pr. barn over tre år.

Denne vil vi behalde. I forslaget er det ingen retningslinjer om areal i barnehagen, då vert det opp til kommunane.

Dette kan få mange utfall, auka barnegrupper, vanskar med varierte aktiviteter, dårleg inneklimate, stress og støy.

Det er og fare for store skilnader frå kommune til kommune, då det kan verta økonomien som styrer dette.

*I dagens lov sikrer ein pedagogisk bemanning i barnehagen. Pedagogiske leदारar skal ha førskuleutdanning. I høyringsnotatet står det fleire ulike forslag til endring. Det eine alternativ-A står det kun: "Barnehagen skal ha en forsvarlig pedagogisk og administrativ ledelse. Barnehagen skal ha en daglig leder."

Dette ser me på som svært uansvarleg. Utan klare kvalitetskrav vil tilfeldigheitene, kommuneøkonomi avgjere om bara får eit pedagogisk tilbud som dei har krav på. Barna er under opplæringspliktig alder, og kan ikkje utøve brukarmakt i vanleg forstand. Derfor vert det særskild viktig at ein regulerer barnehagetilbudet gjennom lova.

Førskulelærarar er den yrkesgruppa som er utdanna for å kunne gi eit godt pedagogisk tilbud i barnehagen. Me vil ikkje fjerne dette kravet om pedagogisk utdanning for barnehageansatte.

Med helsing

Samarbeidsutvalet i Fotlandsvåg Barnehage V/

Fotlandsvåg 6.12.04

Skivar Siri Vaarnik

Representant for personalet: Tove Høstad Tollefsen



Fotlandsvåg barnehage
"Krinkelkroken"
5283 Fotlandsvåg
Tlf/Fax: 56 39 53 84

Reppen barnehage
5241 Valestrandsfossen

10.12.2004 Barneutskottet
04/206b-b
04/14310

" Forslag til ny barnehagelov "

Samarbeidsutvalget i Reppen barnehage vedtok på møte den 01.12.04 at:

Vi må ha en nasjonal standar for alle barnehager,
der det står noe om:

Styrer – skal ha utdanning som førskolelærer.

Pedagogisk ledere – skal ha utdanning som førskolelærer.

Barn pr. førskolelærer (som pr. dato, maks 18 barn).

At det skal være minimum 4 m2 pr. barn inne og det dobbelte og mer til ute.

Dette er en forutsetning for at vi skal være sikker på at barna får bra oppfølging i barnehagen.

Det er mye godt, men vi har fokusert på det som vil ramme barna mest i det nye lovforslaget.

Hilsen samarbeidsutvalget i Reppen barnehage

Synne Slettebakken
Synnevø Slettebakken
foreldrerep.

Beate R. Normann
Beate R. Normann
foreldrerep.

Elin Mæhle
Elin Mæhle
ansattesrep.

Kikki Bolstad
Kikki Bolstad
for eier

Reppen barnehage den 02.12.2004

REPPEN BARNEHAGE
5240 VALESTRANDSFOSSEN
Org.nr. 976 289 706

Samarbeidsutvalet i Haus barnehage
v. Kenneth Solberg
5286 Haus

Osterøy kommune
Barnehagetjenesta
V. Sylvi Ann Hanstvedt

OSTERØY KOMMUNE
13.12.2004 Barnehagekomiteen
04/2066-7
211.1
04/14390.

Vedr. Utkast til ny barnehagelov

Samarbeidsutvalet i Haus barnehage har i møte 01.12.04 diskutert forslaget til ny barnehagelov. Vi er særleg opptatt av at barnehagen treng fleire og ikkje færre førskulelærarar. Vi krev ein barnehage der krava til kvalitet og kompetanse i barnehagen blir opprettholdt.

Vi har særleg diskutert desse forslaga :

- **Kompetanse og bemanning.** Vi vil at barnehagen har eit riktig forhold mellom antall born og antall førskulelærarar.
Den gode barnehagen er ein pedagogisk virksomheit som gir borna erfaringar med læring, omsorg og leik(Rammmeplan) Førskulelærarar er den yrkesgruppa som er utdanna for å gje eit godt pedagogisk barnehagetilbud.
Vi meiner då at dagens § 17 blir videreført slik den står i dag.
- **Areal :** I § 3 i dagens lov står det : Barnehagen skal ha lokaler og utearealer som er egnet for formålet ut fra hensynet til barnas alder og oppholdstid. Barna skal ha mulighet for varierte aktiviteter i trygge omgivelser. Uteområdet skal normalt ligge i umiddelbar tilknytning til barnehagens lokaler.
Arealnormen er i dag 4 kvadratmeter pr. barn over tre år.
Samarbeidsutvalet vil at denne arealnorma blir uendra – fortsetja slik den er i dag.
- Samarbeidsutvalet i Haus barnehage meiner at alle born har rett til ein god barnehage – uansett bakgrunn eller kor dei bur.

Samarbeidsutvalet i Haus barnehage
Kenneth Solberg
leiar

REFERAT MøTE I S.U. VALESTRAND BARNEHAGE 08.12.2004.

Til stades: Linda Håland(foreldre) Marit S. Angelskår(personal) Magnhild Kirkevik (personal)

Førfall: Bjørn Kenneth Øksnes(kommunen) Hilde Stordal (foreldre)

Sak 1 Referat forrige møte.

Ein gjekk gjennom dei viktigaste sakene som var teke opp.
Referat godkjend.

Sak 2 Val

Leiar: Linda Håland (foreldrepräsentant)

Nestleiar: Magnhild Kirkevik(personalrepresentant)

Sak 3 Godkjenning årsplan

Årsplanen har vore handsama på foreldremøte.
Årsplan 2004/2005 vart godkjend

Sak 4 Høyringsuttale om lov om barnehagar

Samarbeidsutvalet sender høyringsuttale til kommunen om fylgjande punkt

Barns rett til medverknad: positivt at den er komen inn innafør visse rammer. Det er viktig at barn vert høyrd og teken med på råd.
Dokumentasjon vert viktig

Areal: Arealnormene bør oppretthaldast slik dei er i dag. S.U er bekymra for dersom dei vert fjerna, kan det vera freistande i redusera normene for areal i tider med dårleg økonomi for å få plass til fleire barn eller redusera kostnader ved nybygg. Me ser at fleire barn i gruppene på mindre areal aukar konfliktnivået blandt barna. Det gjev òg dårlegare innesklima for barn og vaksne.

Bemanning: Samarbeidsutvalet ser at det er viktig for barnehagen og kvalitet på barnehagetilbodet at det er tilsett folk med førskulelærarkompetanse som har i utdanninga har kompetanse og særskild fokus på barn under skulealder og deira utvikling. Røynsler ein har gjort ved å tilsetja ufaglærte i førskulelærarstillingar, er at kvaliteten på tilbodet har gått ned. Ein OECD rapport som kom for nokre år sidan, konkluderte med at Noreg var eit av få land i Europa med liten pedagogtettleik. I høyringsuttalen er det òg presisert fleire gongar viktigheten av det arbeidet pedagogene gjer og at det er viktig med tilstrekkeleg med pedagogar på avdelingane. SU er difor undrande til at

det i lovforslaga som ligg opnar opp for andre yrkesgrupper enn førskulelærare.

Det er viktig å ivareta den faglege kompetansen på alle nivå, både på avdeling og som styrar for barnehagen. Det eog viktig at styrar ikkje berre er ein reint administrativ leiar men ein person som òg har den naudsynte faglege kompetanse når den skal rettleia og inspirera personalet i arbeidet og vera fagleg ansvarleg for verksemda.

Dette meiner me er med på å sikra naudsynt kvalitet på arbeidet i barnehagen.

Det er difor viktig at det vert vidareført krav om at styrar skal ha utdanning som førskulelærar og at dagens system med forskriftsfesta krav til pedagogtettleik vert vidareført.

Sak 5 Ymse

- Orientering om framlegg til auke i foreldrebetaling som er lagt fram i budsjettframlegget og som vil gjelda frå nyttår. Osterøy vil likevel ligga under maksimumsprisen.

- Orientering om barnehageutbygginga som er sett i verk i tråd med vedteken kommunedelplan for barnehagar.

Foreldra i Valestrandskrinsen er oppteken av at det vert bygd ut i dette området òg når Lonefjell og Haus er ferdig utbygd. Etterspurnaden etter barnehageplassar i denne krinsen er stor. Få barn under 3 år får plass i Valestrand barnehage og dette gjer det vanskeleg for foreldra når dei skal attende i jobb etter endt permisjon. Dette set småbarnsforeldre i ein ekstra vanskeleg situasjon fordi dei gjerne må kombinera ulike passordningar for sine barn medan dei ventar i fleire år på barnehageplass for det yngste barnet.

Mange av barna har stått på venteliste i fleire år for å få barnehageplass. I Valestrandskrinsen vil det å åra framover vera stor utbygging av boligar, då det er lagt ut mykje tomteland.

Ved utlegging av tomteland i krinsen, bør ein vurdere å kjøpa tomt der ein eventuelt kan bygga ein stor barnehage dersom ein vurderer det slik at eksisterande tomt er for liten for tilbygg.

Valestrandsfossen 06.12.2004

May-Lis S. Daltveit
May-Lis S. Daltveit
referent

Valestrand barnehage
5281 Valestrandsfossen

Osterøy kommune
Barnehagetenesta
5282 Lonevåg

10.12.2004
0412066-9
21.1
041/4392
Valestrandsfossen 09.12.2004

Høyringsuttale om lov om barnehagar

Valestrand barnehage hadde møte i samarbeidsutvalet 07.12.2004 og handsama der høyringsuttale om ny barnehagelov.

Samarbeidsutvalet vart samd om å sendar høyringsuttale til kommunen om fylgjande punkt

Barns rett til medverknad: positivt at den er komen inn innafør visse rammer. Det er viktig at barn vert høyrd og teken med på råd. Dokumentasjon vert viktig i dette arbeidet.

Areal: Arealnormene bør oppretthaldast slik dei er i dag. S.U er bekymra for dersom dei vert fjerna, kan det vera freistande i redusera normene for areal i tider med dårleg økonomi for å få plass til fleire barn eller redusera kostnader ved nybygg. Me ser at fleire barn i gruppene på mindre areal aukar konfliktnivået blandt barna. Det gjev òg dårlegare inn klima for barn og vaksne.

Bemanning: Samarbeidsutvalet ser at det er viktig for barnehagen og kvalitet på barnehagetilbodet at det er tilsett folk med førskulelærarkompetanse som har i utdanninga har kompetanse og særskild fokus på barn under skulealder og deira utvikling. Røynsler ein har gjort ved å tilsetja ufaglærte i førskulelærarstillingar, er at kvaliteten på tilbodet har gått ned. Ein OECD rapport som kom for nokre år sidan, konkluderte med at Noreg var eit av få land i Europa med liten pedagogtettleik. I høyringsuttalen er det òg presisert fleire gongar viktigheten av det arbeidet pedagogene gjer og at det er viktig med tilstrekkeleg med pedagogar på avdelingane. SU er difor undrande til at det i lovforslaga som ligg føre ågr motsett av andre land i Europa og opnar opp for andre yrkesgrupper enn førskulelærare.

Samarbeidsutvalet ser det slik at det er viktig å ivareta den faglege kompetansen på alle nivå, både på avdeling og som styrar for barnehagen. Det er og viktig at styrar ikkje berre er ein reint administrativ leiar men ein person som òg har den naudsynte faglege kompetanse når den skal rettleia og inspirera personalet i arbeidet og stå som fagleg ansvarleg for vedtremda.

Ved at ein tilset førskulelærar i desse stillingane vil dette vera med på å sikra naudsynt kvalitet på arbeidet i barnehagen

Det er difor viktig at det vert vidareført krav om at styrar skal ha utdanning som førskulelærar og at dagens system med forskriftsfesta krav til pedagogtettleik vert vidareført.

Linda Håland

Linda Håland
Foreldrerepresentant

Magnhild Kirkevik

Magnhild Kirkevik
personalrepresentant

Mjøsdalen barnehage

Samarbeidsutvalet

5282 LONEVÅG

Osterøy kommune

Barnehagetenesta

5282 LONEVÅG

10.12.04.

14.12.2004 Barneutvalet
04/2006-10
21.1
04714415

KOMMENTARAR TIL HØYRINGSNOTAT OM NY BARNEHAGELOV:

-BARNES RETT TIL MEDBESTEMMELSE

- På dette punktet var det enighet om at barna skal ha rett til å uttale seg om sitt syn på barnehagen og rett til medbestemmelse.

- PERSONALET I BARNEHAGEN

- Det er enighet om at det må vere minst ein pedagog på kvar avdeling, aller helst to. Dette for å sikre kvaliteten på de pedagogiske arbeidet med barna. Ansatte utan førskulepedagogisk bakgrunn har ikkje den same forutsetning for pedagogisk arbeid med førskulebarn. Foreldra reagerer sterkt på forslaget om at barnehagen ikkje skal ha førskulelærar. Ein førskulelærar har ei utdanning nettop for pedagogisk arbeid med førskulebarn. Vidare er foreldra og barnehagepersonalet opptatt av det skal vere nok vaksne til å ta seg av barna i det daglege, men også om det skulle oppstå krisesituasjonar.

- AREAL

- Foreldra er svært opptatt av at det skal vere ei grense for kor mange barn det kan vere i ein barnehage på eit visst areal. Det er ikkje sunt for barna å vere for mange, og ha det for trangt.

Samarbeidsutvalet ved Mjøsdalen barnehage

Hilde Aagesen

Linn K. Sommerseth

Hilde Aagesen

Lelar i samarbeidsutvalet

Linn K. Sommerseth

Styrar/Skrivar